



Årsmelding for 2025 frå Handballgruppa i Hareid IL

Styret har sidan årsmøtet for 2024 hatt slik samansetjing:

Leiar: Vivian Johansen

Nestleiar: Astrid Liaset Ertesvåg

Styremedlem: Melisa Saldic - Sekretær

Styremedlem: Heidi-Beate Siring Grimstad- Økonomiansvarleg

Styremedlem: Emma Flø Dimmen- Ungdomsrepresentant

Styremedlem: Odeta Galdikiene- Dommaransvarleg

Styremedlem: Knut Egil Håvik- Kiosk og arrangementsansvarleg

Styremedlem: Kristine Johansen Rise - vara

Styret sitt arbeid:

Oppmøte i styret har vore variabel. Vi fekk inn to ungdomsrepresentantar i styret ved førre val, og desse har tilført styret meir breidde. Det er like fullt eit behov å utvide styret i handballgruppa for å sikre stabilitet og kontinuitet i arbeidet.

Styret har hatt 9 styremøter der vi mellom anna handsama:

a. Handballskule

Gjennomført 2 dagar i vinterferien

b. Innkjøp av utstyr

Vi har etterkvart fått godt med utstyr som kan brukast til treningar særleg for dei minste utøvarane våre. Vi har også fått på plass nye oppblåsbare mål, både for minihandball og for 5`ar handball. Dette lettar arbeidet med å flytte rundt på mål på treningane.

c. Trenarsamlingar

Vi har fått med oss fleire nye trenarar i handballgruppa, og desse ynskjer vi å ta godt vare på. Trenarane i handballgruppa skal ha mogelegheit til å dele erfaringar med kvarandre, hente tips og triks frå andre, og på den måten utvikle seg som trenarar. I tillegg er det viktig å kjenne på at ein er ein del av eit trenarfelleskap, som har like ambisjonar og mål for den jobben ein gjer. Vi gjennomførte trenarsamling i juni, og i desember. Målet no er å utvide samlingane til også å vere ei samling med fysisk aktivitetar.

d. Nye skjerpa retningslinjer for FairPlay-vertskap:

Krav frå handballforbundet om skjerpa retningslinjer for Fair-play vertskap under kamparrangement. Alltid 2 Fair-play vertar. Skal ikkje ha fleire oppgåver samtidig. Skal først i protokoll (namn). Skal vere aktive, og gå runden på tribune og benk og sjå til at publikum, trenarar og spelarar held seg innanfor det som er akseptabelt iht.språkbruk. Særleg viktig å slå ned på roping og kommentering til dommarar.

e. Retningslinjer for Hareid IL Handball

Det har blitt arbeid rundt det å lage korte og tydelege retningslinjer for handballen i Hareid. Retningslinjene seier noko om korleis vi:

- *organiserar trening og kamp*
- *kommuniserar med spelarar, trenarar, hjelpeapparat og foreldre*
- *forfektar handballen sine BIRF -prinsipp (Begeistring, Innsatsvilje, Respekt og Fair-play)*

f. Klubbhuset -sertifisering:

Klubbhuset er Norges handballforbund sitt klubbutviklingsprogram. Målet er å skape ein betre og meir profesjonell klubbkvardag for alle som er involvert – spelarar, trenarar, dommarar, støtteapparat og frivillige. Handballgruppa i Hareid har som målsetjing å greie Del 1 av Klubbhuset si sertifisering i løpet av 2026. Sertifiseringa er eit kvalitetsstempel som viser at vi:

- *Har gode rutinar og tydeleg prosessar*
- *Har dokumentert og systematisert arbeidet vårt*
- *Arbeidar berekraftig og langsiktig*
- *Har gode planar innanfor drift, sport og rekruttering*
- *Satsar på utvikling av trenarar, dommarar og frivillige*

g. Dugnadsarbeid:

Handballgruppa meldte seg på Handelens Miljøfond og Sparebank 1 stiftelsen sin Plastdugnad i april-25. Ei kjempefin ordning der idrettslag kan bidra med viktig miljøarbeid, og samtidig få støtte til å drive med idretten sin.

I oktober gjennomførte handballgruppa sin årlege dugnad i form av panteinnsamling. Det blei samla inn 35 sekkar.

I tillegg må vi nemne alt det viktige arbeidet som blir lagt ned av foreldre og støttespelarar til handballgruppa. Kioskvakter, matlagarar, transportørar, heiagjengar, sekretariat, FairPlay- vakter, trenarar, styremedlemmar og organisatorar. Det er ikkje småtterier som skal takast hand om når over 70 born og ungdomar skal kunne halde på med idretten sin gjennom året. Vi er evig takknemlege for alle som bidreg, med både smått og stort. Ei særskild takk går til trenarar og styremedlemar som er dei viktigaste berebjelkane i handballgruppa.

Sesongen 2025-2026:

Vi har dessverre ikkje lukkast i å etablere lag i ungdomsklassen 14-17 år denne sesongen. J14 som førre sesong gjennomførte ein god serie med Stasis Galdikas som trenar, hadde for få spelarar til å halde fram sesongen 25-26. Dei av spelarane som ville halde fram med handball, fekk tilbod om å spele på Hødd sitt J14 lag.

Minihandball:

Minihandball er ei forenkla utgåve av handball, tilpassa born i alderen 6-9 år. Målet er å gi borna ei trygg, leikande og motiverande innføring i handball – utan hard fysisk kontakt eller kompliserte reglar. Borna lærer grunnleggjande ferdigheiter som kast, mottak, samarbeid, rørsle og spelforsåing – utan press om å prestere.

- mindre bane enn vanleg handballbane
- mindre mål
- færre spelarar (4 mot 4 eller 5 mot 5)
- mjuk og lett ball tilpassa små hender
- reglane er enkle og fleksible
- dommaren skal hjelpe borna å forstå spelet i staden for å straffe feil

Hareid handball har i dag over 40 born frå 1.-3.klasse som spelar minihandball. Dei deltek ikkje i seriespel, men melder seg på miniturneringar i nærmiljøet her på Sunnmøre. Bileta under er frå REM-cup i Fosnavåg.



Jenter/gutar 2017- modellar



Jenter/gutar 2018- modellar



Jenter/gutar 2019- modellar

Seriespel i aldersbestemte klasser:

Seriespelet i handball er den ordinære sesongkonkurransen der lag i same årsklasse møter kvarandre gjennom heile sesongen. Målet er først og fremst at spelarane skal utvikle seg og kjenne på meistring, og ikkje at dei skal vere opptatt av antal mål og plassering på tabell.

Dei yngste aldersklassene 10-11 år blir organisert som miniturneringar. Det er ingen tabell eller rangering. Målet er å gje borna speletid og bygge lagkjensle.

Hareid har denne sesongen to jente/gutelag med i 10 års serien.



Kampane i 12-14 årsklassa vert sett opp med 1-2 kampar i veka utover heile sesongen. Her blir laga rangert i tabellar, først og fremst for å finne rett nivå for vidare spel. I denne aldersgruppa møter spelarane meir konkurranse, dei øver inn fleire taktiske og tekniske ferdigheiter og får etter kvart ei meir «spissa» rolle på laget.

Hareid har denne sesongen eit jentelag med i 12 års- serien.



Alle dei tre laga kan vise til flott utvikling, og stabil og god rekruttering.

4.Divisjon (senior):

Samarbeidet med Hødd og Bergsøy på seniornivå held fram, og Hareid har i dag to medlemmar som spelar på Bergsøy/Hødd/Hareid i 4.div. Laget hevdar seg godt, og ligg i dag på 3.plass på tabellen.

Seniormedlemmar i klubben, som ikkje ynskjer å spele serie, men som likevel vil vere aktive handballspelarar, har i dag eit tilbod om "veterantreningar" kvar tysdag. Dette tilbodet har vore "trott" å få i gang, men frå 2026 ser vi på mogelegheita til å utvide samarbeidet med Hødd sine veteranar.

Handballskule:

Vi arrangerte 2 dagar med handballskule i vinterferien. Vi endra litt på opphaldstid, innhald og pris denne gongen, noko som ser ut til å ha fungert godt sidan vi enda med rekordstor påmelding - 56 born. Handballskulen er for alle frå 1.-6.klasse. Også denne gongen fekk vi udelte positive tilbakemeldingar frå deltakarane, og mange ynskjer slike arrangement også i t.d. sommarferien. Handballgruppa vil vurdere kva vi har kapasitet til å arrangere.



Rekruttering:

Handballgruppa opplever god rekruttering i dei yngste aldersklassane. Særleg gledeleg er det at vi dette året har fått mange gutar med på handball. Vi håpar å få på plass eit reint gutelag i neste sesong. Vi har framleis utfordringar med å behalde spelarane når dei kjem i ungdomsskulealder. Gledeleg er det likevel at fleire av dei vaksne damelagsspelarane frå Hareid har vist vilje og engasjement for å trene handball ilag 1 gong i veka.

Medlemskap i gruppa pr.desember 2025:

Alderstrinn	Gutar					Jenter				SUM
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne		0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	
		22	0				57	2	28	109

Lag og trenarar 2025-2026:

LAG	FØDT	TRENARAR	TRENINGSTIDER
J/G 6	f.2019	Heidi-Beate Siring-Grimstad Odeta Galdikiene	1 dag i veka
J/G 7	f. 2018	Vivian Johansen Ragnhild Nerhol Eirik Lunaas	1 dag i veka (saman med 2017)
J/G 8	f.2017	Vivian Johansen Ragnhild Nerhol Eirik Lunaas	1 dag i veka (saman med 2018)
J/G 9	f.2015 og 2016	Melisa Saldic Kristine Asp Jakobsen Julianne Skulstad Gryt	2 dag i veka
J 101	f.2013 og 2014	Ina Flø Nesset Maria Slettebakk Heidi- Beate Siring- Grimstad	2 dagar i veka

Dommarar 2025-2026:

Klubben har framleis utfordringar med å rekruttere nok dommarar. Denne sesongen har vi Morten Digernes Berge som dømmer seniorhandball til og med 2.divisjon. Vi har Maria Juul Hansen, Villemo Johansen Rise og Aida Galdikaite som dømmer til og med 12 år, og så har vi fått med oss Goda Galdikaite og Myrtel Husøy Mork som kan dømme minihandball.



Økonomi:

Handballgruppa har i år hatt god vekst i antall medlemmar i dei yngste gruppene. Vi har tatt eit val om å halde treningsavgifta nede, men har pga medlemsvekst likevel auka litt i inntekter. Gruppa har gjennomført dugnad i to omgonger og vi har moderat inntekt på kiosksal på heimekampar gjennom året. Saman med tilskot og sponsormidlar gjer dette at vi har ein inntekt som dekker utgiftene våre for 2025. Frå hausten 2025 har vi kunn lag som er aktive i barnehandballen (6-12 år), og det gjer at utgiftene er lavere på både utøvar-, reise- og dommarsida enn om vi hadde hatt eldre lag. Vi har prioritert å skape stabilitet, engasjement og vekst ved å honorere trenarar og kjøpe inn nye mål og utstyr til treningane. Dette visast som større utgiftspostar for handballgruppa denne sesongen.

Hareid, 22.januar 2026


Vivian Johansen

Leiar


Heidi- Beate Siring Grimstad


Styremedlem


Astrid Ertesvåg

Nestleiar

Emma Flø Dimmen

Styremedlem


Melisa Saldic

Styremedlem


Odeta Galdikiene

Styremedlem